

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Benthe Bondhus sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Bondhus sitt forslag fekk 2 røyster (Sp, SV) og fall.

Røysting (saka)

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståing for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsøyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forplikting i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finna ei permanent løysing.
2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehald. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farleg last. Det vert difor leigd inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.
3. Fylkesutvalet ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.2015 - 30.08.2015.